



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Inger-Helene Søgner, 55572247

Vår dato
30.05.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/562 721.0
Dykkar referanse

Arbeids- og velferdsdirektoratet
direktoratet@nav.no
Postboks 5 St. Olavs plass
0130 OSLO

Avklaring av lovforståing - skal kvalifiseringsstønad avkortast mot fosterheimsgodtgjersle?

Fylkesmannen i Hordaland har blitt kontakta av ei kommune i Hordaland som har deltakarar i kvalifiseringsprogrammet som mottek fosterheimsgodtgjersle. Kommunen har bedt Fylkesmannen om ei avklaring på kvalifiseringsstønaden skal avkortast mot fosterheimsgodtgjersla eller ikkje. Fylkesmannen presiserer at når vi refererer til fosterheimsgodtgjersle meiner vi arbeidsgodtgjeringa som fosterforeldre mottek etter sats per barn per månad og ikkje utgiftsdekninga som dei og mottek. Fosterheimsgodtgjersla per 1. juli 2017 var 7 900 kroner per barn per månad.

Sosialtenestelova eller rundskriv 35 til sosialtenestelova omtalar ikkje korleis fosterheimsgodtgjersle skal vurderast.

Vår vurdering er at fosterheimsgodtgjersle er løn og at fosterforeldre som mottek slik stønad er i inntektsgivande arbeid og at kvalifiseringsstønaden difor skal avkortast mot godtgjersla. Vi ser at det er argument som talar for at kvalifiseringsstønaden ikkje skal avkortast mot fosterheimsgodtgjersla, og ber difor Arbeids- og velferdsdirektoratet om ei snarleg avklaring merka vårt saksnummer 2018/562 slik at vi kan melde tilbake til kommunen snarast om dykkar vurdering er ei anna enn vår.

I det følgjande belyser vi våre vurderingar:

Det følgjer av sosialtenestelova paragraf 38 at om deltakar har krav på ytingar etter folketrygdloven, vert kvalifiseringsstønaden avkorta krone for krone. Fosterheimsgodtgjersle er ikkje ei offentlig yting, og kan difor etter vår vurdering ikkje avkortast på denne måten.

I rundskriv 35 punkt 4.37.1 heiter det at kvalifiseringsstønad skal avkortast om deltakar mottek omsorgsløn (no omsorgsstønad). Omsorgsstønad vert innvilga til privatpersonar, til dømes ektefelle/sambuarar, foreldre eller andre pårørande (til dømes søsken) som tek seg av særleg tyngande omsorgsarbeid på privat basis. Vår vurdering er at fosterheimsgodtgjersle har likskapstrekk med omsorgsløn og difor kan vurderast på same måte. Vedtak om omsorgsløn vert innvilga av kommunen på timebasis og skal avkortast time for time. Vi meiner at det kan vere hensiktsmessig å vurdere fosterheimsgodtgjersla på same måte som omsorgsløn, men ser at det kan vere utfordrande for kommunane å vurdere kor mange timar som då skal leggjast til grunn ved vurderinga av fosterheimsoppgåva.

Vi ser at det kan vere argument som talar for løysinga at kvalifiseringsstønaden ikkje skal avkortast. Ordinære arbeidstakarar som er fosterforeldre, utfører omsorgsoppgåver i tillegg til å vere i ordinært arbeid - og får ikkje trekk i løna si. Det kan difor argumenterast for at tilsvarande bør gjelde for dei som deltek i kvalifiseringsprogrammet og er fosterforeldre.

Om det å vere fosterforelder er å sjå på som arbeid og at kvalifiseringsstønaden skal avkortast mot fosterheimsgodtgjersla etter sosialtenestelova paragraf 37, skal avkortinga skje time for time. Kvalifiseringsprogrammet kan kombinerast med inntil 50 prosent stilling, og om arbeidet knytt til å vere fosterforelder ut frå timeberekninga er for omfattande, kan det tenkjast tilfelle kor det å vere fosterforelder ikkje lar seg kombinere med å vere deltakar i kvalifiseringsprogrammet. Fylkesmannen viser til at det i innleiinga til rundskriv nr 35 vert vist til at *«Kvalifiseringsprogrammet er lovens hovedvirkemiddel for å fremme overgang til arbeid.»* Programmet vert framheva som eit av regjeringa sine viktigaste verkemiddel i kampen mot fattigdom, og skal bidra til at fleire med nedsett arbeids- og inntektsevne kvalifiserer seg til, og kommer seg ut i, arbeid. I denne samanhengen kan det då verke som om ein potensiell deltakar vert vurdert til å stå nærare arbeid og arbeidslivet fordi han/ho har tatt på seg eit ansvar som fosterforelder enn ein potensiell deltakar som ikkje har tatt på seg eit slikt ansvar. Er det slik det er meint å vere?

Skal fosteroppdrag vurderast som arbeid, vil deltakaren kunne krevje at arbeidet vert sett på som ein del av programmet. Vert det vurdert som arbeid, vil det vere vanskeleg for Nav å krevje at ein deltakar har program på full tid som er fylt med tiltak med mål om å kome i arbeid i 37,5 timer per veke og samstundes leggje til grunn at deltakaren er i arbeid som fosterforelder utanom. I slike tilfelle vil deltakaren kunne krevje at delar av programmet vert sett av til omsorgsoppgåvene knytt til å vere fosterforelder.

Vi ber om snarleg avklaring på problemstillinga frå dykk om vår vurdering står seg eller ikkje, med tanke på at kommunen står overfor fleire tilfelle kor deltakarar mottok fosterheimsgodtgjersle.

Under følgjer vårt svar til kommunen:

«Viser til samtale med deg i dag der du spurte om Nav kan ta hensyn til at en deltaker i KVP mottar fosterhjemsgodtgjørelse, ved utmålingen av kvalifiseringsstønad.

Som det fremgår av sosialtjenesteloven § 37 skal kvalifiseringsstønaden reduseres dersom deltakeren har inntektsgivende arbeid. Stønaden skal reduseres ut fra antall timer deltakeren er i inntektsgivende arbeid.

Satsene for avlønning av fosterhjem er faste, og gis ikke ut fra antall timer fosterforelderen jobber. Det er likevel klart at den delen av fosterhjemsgodtgjørelsen som gjelder godtgjørelse for arbeid er å anse som lønn, idet den er skattepliktig og pensjonsgivende. En fosterforelder som mottar arbeidsgodtgjørelse er således i inntektsgivende arbeid.

Etter Fylkesmannens vurdering skal Nav derfor redusere kvalifiseringsstønaden for deltakere som er fosterforeldre og mottar arbeidsgodtgjørelse. Etter vårt skjønn bør dette løses ved at Nav, i samarbeid med deltakeren, gjør et anslag over hvor mange timer vedkommende faktisk arbeider i løpet av en dag. Kvalifiseringsstønaden skal deretter reduseres tilsvarende.

Til orientering vil vi videresende dette svaret til Arbeids- og velferdsdirektoratet, og be dem melde tilbake om de er uenige i vår lovforståelse.»

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Inger-Helene Søgner
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.